



Invitasjon til dialogmøte om utviklingsplan HMR 7. april 2017
**Framtidsretta pasientbehandling og god bruk av ressursar
– eit felles ansvar**

Målgruppe: Politisk og administrativ leiing i kommunane og administrativ leiing i helseføretaket, relevant fagpersonell, KS, Fylkeskommunen, Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF

Mål: Prioritere og forankre utviklingsområder for Utviklingsplanarbeidet HMR HF 2019-2022

Stad: Quality Hotel Waterfront Ålesund

Møteleiar: Karl-Arne Remvik

Program

10.00 – 10.20 Velkomen og introduksjon v/ Administrerende direktør Espen Remme

10.20 – 10.50 Viktige utviklingsområde – kommuneperspektivet v/ leiar i Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal og styreleiar i KS Anders Riise

10.50 – 11.20 Viktige utviklingsområde – føretaksperspektivet v/ Assisterande direktør Helge Ristesund

11.20 – 12.20 Diskusjon ved borda v/ Spesialrådgivar Karl-Arne Remvik

- Med utgangspunkt i innleiingane og føringane som mellom anna kjem fram frå Nasjonal Helse- og sjukehusplan, Primærhelsemeldinga, Strategi 2030 og Mandat for lokal utviklingsplan 2018-2021 - Kva vil vere dei 3-4 viktigaste utviklingsområda som bør prioriterast for planperioden?

12.20 – 13.15 Lunsj

13.15 – 13.45 Oppsummering etter diskusjon med prioritering av utviklingsområder v/ Spesialrådgivar Karl-Arne Remvik

13.45 – 14.15 Organisering av arbeidet - frå tanke til handling v/ Samhandlingsrådgivar Lena Bjørge Waage og strategirådgivar Anne Strand Alfredsen Larsen

14.15 – 14.30 Oppsummering og avrunding v/ Administrerende direktør Espen Remme

Vel møtt!


Espen Remme
Adm.dir HMR HF

Forventningar til utviklingsplanarbeidet 2019-2022

Helse Møre og Romsdal HF har fått i oppdrag å utarbeide ein utviklingsplan og gi ei samla utviklingsretning for dei viktigaste innsatsfaktorane; kompetanse, teknologi, samhandling, organisering, bygg, mv. Målet er å leggje til rette for god og framtidretta pasientbehandling og god bruk av ressursar.

Utfordringsbiletet i nasjonale og regionale meldingar og strategiar understrekar behovet for å sjå helsetenestene samla. Arbeid med utvikling av heilskapelege pasientforløp er eit prioritert område, som involverer både kommunane og helseføretaket i fylket. Begge partar må rette inn tiltak kring førebygging av sjukdom, og det må tidleg innsats til for å bremse sjukdomsutvikling hos dei som allereie er ramma. Dei demografiske endringane med fleire eldre og fleire menneske med samansette lidingar, vil føre til at fleire av innbyggjarane i Møre og Romsdal vil ha behov for helsehjelp. Tilboda må utviklast for å møte desse utfordringane, og vil krevje gjensidige prosessar i føretaket og kommunane for å sikre heilskapen i helsetilbodet i fylket.

Figuren under er henta frå rettleiaren for utviklingsplanarbeid. Denne viser samanhengen mellom utviklingsplan, rammer og føringar og innsatsfaktorane planen skal gi retning for, som skal verke saman for å nå målet om god og framtidretta behandling.



Det vert stilt krav til at helseføretaket skal effektivisere og det forventast at helseføretaket også vurderer korleis ein kan bidra til å dempe behovet for helsetenester generelt og for spesialisthelsetenester spesielt. Ein føresetnad i utviklingsplanarbeidet er at helseføretaka tar omsyn både til krav om effektivisering og bidreg til eit lågare forbruk. Dersom ein skal nå mål om lågare forbruk av spesialisthelsetenester, så må pasientane i auka grad få behandling og oppfølging utanfor sjukehusa. Det vert derfor viktig at utviklingsplanarbeidet rettar merksemda mot korleis ein kan skape ønskja utvikling som i større grad spissar spesialisthelsetenesta og samstundes gjer at fleire får naudsynt behandling i kommunane. Ei felles forståing av dei skisserte forventningane og ei felles oppslutning om korleis ein skal rigge seg for å understøtte målbiletet, krev prosessar der kommunane og helseføretaket i lag identifiserer strategiar for å nå dei ønska måla.

Med denne dagen ønskjer helseføretaket å peike på forventningane og etablere ein arbeidsprosess for dei prioriterte utviklingsområda i eit tett samarbeid med kommunane, slik at vi i fellesskap kan utvikle eit best mogeleg helsetenestetilbod for innbyggjarane i fylket.

Aktuell bakgrunnsdokumentasjon:

- [Nasjonal Helse og sykehusplan](#)
- [Fremtidens primærhelseteneste – nærhet og helhet](#)
- [Strategi 2030](#)
 - [Strategi 2030 i kortversjon](#)
 - [Bakgrunnsnotat for Strategi 2030](#)
- [Mandat for lokal utviklingsplan – 2018-2021](#)
- [Rettleiar for arbeidet med utviklingsplaner](#)